

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Nordland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Fjell
 Emne: Juletre og julekalen Bygdelag: Søre litten
 Oppskr. av: Hans O. Nordvik Gard: Nordvik
 (adresse): Nessjøen G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Ja, no har kvar húslyd, eller kvar heim juletre.
- 2) Tring år 1900, (kanskje nokre år før) var fyrste gang folket her brukte juletre.
- 3) Det var mest på fester ein då hadde juletre. Skkje i kyrkja. Der skulehúset stod lagleg til, samla grenda-folket seg der, og heldt juletre-fest., var det lang veg til skulehúset, hadde ein juletre og fest i ei stor stova, i eit vaulegt våningshús. Det var tingdomsfester og kvinneforeningsfester.
- 4) Ein har brukt, og brukar framleis å pynta med granbar i hyrnane på stova, og no vert ^{det}mykje brukt å pynta med papir-kjader (guirlander) under taket i stova, frå ein hyrna til det motsette, slik at det vert ein kross.

- 5) Ja, det er det vanlege.
- 6) Heime i stova er det fra 1/2 m. til 1 1/2 m. I ungdomshus og bedehus kot ein no har joletre for grenda, er det eit gran tre på 4-5 meter.
- 7) I heimane brukast vanlege Julelys, I ungdoms og bedehus brukas mest elektrisk belysning. Pynten består av glitter-strover, norske flagg, kuler og boller i alle likar og m. m. som er strekt fra överst og nedover, og høgt i toppen den blanke stjerna.
- 8) I heimen er det ~~til~~ vanleg mot som pynter joletre, andre stader som i ungdomshus og l. er det ungdom som pyntar.
- 9) Er borna som høyrer heimen til små, so vert joletre oftast plassert på eit bord, elles står det fritt på golvet, i ein trekrass.
- 10) Jole-aftan vert lysa rundt på joletre i alle heimar her, og so eit par kveldar seinare, t. d. nyårsaftan, eller som det høver.
- 11) Ja, me går rundt treet og syng alle våre kjende jole-sanger, og nokre av salmarne og, som høyre til på juledagane.
- 12) Det vanlege er, at joletre vert ståande til over trettan-de dag jol. (6 januar)

13. Borna er alltid med, men mor, eller eit av dei vakre små vel sjå til, at ikkje nokk vert øydelagt. Me seier ganske enkelt: å ha av treet!

14) Nå er det (allid) berre gran som vert nytta til juletre.

For 30-40 år sidan var det ofte fjera som vart brukt.

Her har og vore brukt brakje (eine) til juletre, men det er lenge sidan, og berre i dei høge, at ikkje gran eller fjera kunde skaffast.

15) Har ikkje vore brukt her.

16) Tre vart ikkje sett opp, men ofte ein staur, som juletreket vart festa til.

Halm på golvet julekvelden har truleg ikkje vore brukt her.

1901